

VEGETASJONSKART DALAVATNET

1:10 000

Sunddal

Møre og Romsdal

Utarbeidd av

Egil Ingvar Aune og Jarle Inge Holten

Universitetet i Trondheim

Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab,
Museet, Botanisk avdeling, Trondheim 1980

Feltarbeidet utført i 1979

Teknisk framstilling:

DKNVS, Museet

Bot. avd.

Ansvarleg: Odd Kjærem

Oppdragsgivar:

Kristiansund Elektrisitetsverk


Ekvidistans:

5 m

Kartgrunnlag:

Økonomisk kartverk, bl. BQ 107 5-2, 108 5-4,

BR 107 5-1 (nedfotografert)



VEGETASJONSTYPANE

(Vegetation types)

Sumpar og kjelder
(Swamps and springs)

13. HØGSTORRSUMP (Tall sedge swamp). Artsfattig type der grove storrantar dominerer. Finst på stader med høgt grunnvatn i kanten av elva.

★ FATTIGKJELDE (Mesotrophic springs). Vegetasjonen kring kjelder med relativt kalkfattig vatn. Gjerne glissent feltsjikt, men tett mosematte med vanleg kjeldemose og kaldmose. Dekkjer små areal, og blir markert med symbol.

★ RIKKJELDE (Calcareous springs). Vegetasjonen kring kjelder med kalkrikt vatn. Glissent eller nokså tett feltsjikt med kravfulle artar, særleg gulsildre. Tett dekke av kravfulle bladmosar. Blir markert med symbol.

Myrar (Fens)

22. OPEN FATTIGMYR (Open poor fen). 23. KRATTKLEDD FATTIGMYR (Scrub-covered poor fen). Næringsfattig jordvassmyr med kravlause lyngartar på tuvane og nysame grasvokstrar (bjønnskjøgg, duskull, flaskestorr, m.fl.) i matvegetasjonen. Botsjiktet har torvmosar.

24. OPEN MELLOMMYR (Open intermediate fen)
25. KRATTKLEDD MELLOMMYR (Scrub-covered intermediate fen). Mellommyr (intermediærmyr) får tilført meir næringsrikt jordvatn og har i tillegg til dei artane som veks på fattigmyr, innslag av meir kravfulle artar, grasvokstrar og bladmosar.

Fuktskogar
(Damp forests)

33. FATTIG FUKTBJØRKESKOG (Damp poor birch forest). Bjørkeskog med lyngvokstrar, molte og skogsnelle som dominantar i feltsjiktet. Botsjiktet har mykje av nysame torvmosar.

37. INTERMEDIÆR FUKTBJØRKESKOG (Damp intermediate birch forest). Bjørkeskog med feltsjiktet dominert av mid-dels kravfulle fuktartar, både grasvokstrar og urter. I botsjiktet er rosetorvmose vanleg.

39. RIK FUKTBJØRKESKOG (Damp rich birch forest). Bjørkeskog med innslag av grår og svartvier. Feltsjiktet er dominert av kravfulle fuktrevjande grasvokstrar og urter, bl.a. strandrøy og sumphaukeskjegg. Botsjiktet har kravfulle fuktmosar bl.a. fagermosar.

Fastmarksskogar
(Forests on mineral soils)

41. KREKLINGBJØRKESKOG (Birch forest with Empetrum). Lågproduktiv bjørkeskog med lågt til middels produksjon. Feltsjiktet har nysame lyngvokstrar, mest fjellkrekling og røsslyng. Næringsfattig podsoljord eller grunnleide.

431. BLÅBERBJØRKESKOG (Birch forest with Vaccinium myrtillus). Bjørkeskog med lågt til middels produksjon. Feltsjiktet er dominert av blåbær, skrubbar og stundom smyle. Botsjiktet har mest nysame skogmosar. Podsoljordsmann.

432. SMÅBREGNEBJØRKESKOG (Birch forest with small ferns). Bjørkeskog med høgere produksjon enn type 431. Små bregnar, særleg fugletelg, dominerer i feltsjiktet. Utformingar etter måten rike på grasvokstrar og urter, er vanlege. På fuktigare mark med betre næringsstilgang enn blåbærtypen.

471. LÅGURTBJØRKESKOG (Birch forest with low herbs). Relativt produktiv bjørkeskog der urter og grasvokstrar dominerer i feltsjiktet. Typen er vanlegast i særskrånningane. Jordsmonn med god næringsstilgang og moldliknande humuslag.

472. GRASRIK URTEBJØRKESKOG (Birch forest rich in herbs and grasses). Bjørkeskog som liknar type 471, men feltsjiktet har meir av grasvokstrar og urter som indikerer husdyrbeite. Er truleg oppstått frå type 471 eller 491.

491. HØGSTAUDEBJØRKESKOG (Birch forest with tall herbs). Høgproduktiv bjørkeskog med frodig feltsjikt som er dominert av høge urter (tyrihjel, turt o.fl.). Brunjord med god tilførsle av næringsrikt sigevatn.

492. VARMEKJER HØGSTAUDEBJØRKESKOG (Birch forest with tall herbs and warmth-demanding species). Denne skogtypen er nærskylt med type 491, men finst alltid sèrvendt og har eit markert innslag av varmekjære artar som t.d. trollbær, myse og vårskolm.

59. HØGSTAUDE-ALMESKOG (Elm forest with tall herbs). Tre- og busksjiktet har alm, hegg og hassel. Feltsjiktet er frodig og artsrikt med mange varmekjære artar og høgstaudeartar. Typen finst i bratt særskrånning med næringsrikt moldjord.

FARGAR

(Colour code)

Kvar av dei tre vegetasjonsseriane hei, eng og myr har fått eigen farge. Det same gjeld kulturmark. Mørkare fargetone viser rikare type.

HEISERIEN (Heath series). Vegetasjonstypar der feltsjiktet har mest lyngvokstrar og få grasvokstrar eller urter. Mose-sjiktet er vanlegvis godt utvikla med nysame "husmosar". Podsoljordsmann med råhumus er vanleg.

ENGERIEN (Grassland series). Vegetasjonstypar der feltsjiktet har mest grasvokstrar og urter, gjerne saftige, breiblaade artar. Mose-sjiktet kan vera tett, men er ofte glissent i dei frodigaste typane. Jordsmonnet er oftast brunjord med mold.

MYRSERIEN (Mire series). Myr finst på våte stader der daude planterestar ikkje blir heilt nedbrøtne, men hopar seg opp i form av torv. Både lyngvokstrar (på tuvane), grasvokstrar og urter kan finnast. Botsjiktet har mest torvmosar.

KULTURMARK (Cultivated land).

SYMBOL OG DEFINISJONAR

(Symbols and definitions)

Kvar kartlagt vegetasjonstype har fått eit nummer (to eller tre siffer). For å bli kartlagt må typen dekkje eit areal på ca. 2 dekar.

Tresjikt: Tre > 2 m
Busksjikt: Vedplanter 0,3-2 m
Feltsjikt: Urter, grasvokstrar og vedplanter < 0,3 m
Botsjikt: Mosar og lav

SKOG (Forest): Kronedekke i tresjiktet > 10%
KRATT (Scrub): Busksjiktet dekkjer > 20%

Skog/kratkledd myr og kratkledd hei og eng har symbol for tre- og busksjikt etter nummeret. Dominerande art er nemnt først. Berre artar som utgjer 1/5 av tre- eller busksjiktet er medtekte. For skogtypane er berre medtekte treslag som kjem i tillegg til det treslaget som går inn i namnet på typen.

Tree (trees)	Busker (shrubs)	Art (species)
o	b	bjørk (<i>Betula pubescens</i>)
	i	gråor (<i>Alnus incana</i>)
	r	rogn (<i>Sorbus aucuparia</i>)
	g	hegg (<i>Prunus padus</i>)
	s	vier (<i>Salix spp.</i>)
	j	einer (<i>Juniperus communis</i>)

På dei opne myrane (typane 22 og 24) er det skilt mellom to ulike overflatestrukturar, dersom dei utgjer minst 20% av overflata.

T TUVEVEGETASJON (Hummocks). Ophøgdde delar av myra der lyngvokstrar dominerer feltsjiktet. Botsjiktet kan ha torvmosar, husmosar og lav.

◊ MATTEVEGETASJON (Lawns and carpets). Slette delar av myra der feltsjiktet er dominert av grasvokstrar og urter. Botsjiktet har tett dekke av torvmosar.

‡ TUVE- OG MATTEVEGETASJON i veksling.

Symbol for areal utan samanhengande vegetasjon:

BERG I DAGEN (Bare rocks)

UR/RASMARK (Boulder/scree area)

Opne enger
(Open meadows)

76. LÅGURTENG (Low herb meadow). Urterik vegetasjon på stort sett stabiliserte raskjeller i nordskrånning. Feltsjiktet liknar mykje på det i lågurtbjørkeskogen (471), men det er fleire lyskrevjande artar.

78. RIK FUKTENG (Damp rich meadow). Gras- og urterike samfunn i særskrånningar. Typen finst på stader med kalkrikt sigevatn, gjerne i tilknytning til rikkjelder. Feltsjiktet har mykje blåtopp, og elles mange kravfulle fuktartar, til dels høgstaudeartar og rikmyrartar.

79. HØGSTAUDEENG (Tall herb meadow). Høgproduktiv og frodig engvegetasjon dominert av høgvakse urter som tyrihjel, turt og kvitsoleie. I særskrånningar er det innslag av varmekjære artar som storklokke og skogsvinerot. Utformingar med spreidde bjørketre er overgangstypar mot type 49.

Fjellvegetasjon
(Mountain vegetation)

82. BLÅBER-BLÅLYNGHEI (*Vaccinium myrtillus* heath). Tre- og busksjiktet har alm, hegg og hassel. Feltsjiktet er frodig og artsrikt med mange varmekjære artar og høgstaudeartar. Typen finst i bratt særskrånning med næringsrikt moldjord.

Andre typar
(Other vegetation)

92. PIONERVEGETASJON PÅ SKREDJORD (Pioneer vegetation on scree soils). 921. TIDLEG FASE (early stage). 922. SEINARE FASE (later stage). Planteresamfunn med glissent feltsjikt av lyselskande urter og grasvokstrar, t.d. gulsokm og geitsvingel. Glissent busksjikt av bjørk og vier. Mykje sandgråmose i botsjiktet. Den seinare fasen har eit ungt tresjikt av bjørk, meir lyngvokstrar i feltsjiktet og etasjemose i botnen.

98. TØRRBAKKEAMFUNN PÅ RASMARK (Dry scree communities). Planteresamfunn med ei blanding av varmekjære og lyselskande urter, grasvokstrar, nokre lyngvokstrar og spreidde busker. Finst på relativt stabil, tørt og sèrvendt rasmark. Er ein sèrvendt, tørt parallell til type 76.

BEITEVOLL (Pastures). Setervollar og andre areal som blir bruka som husdyrbeite. Gras- og urterik vegetasjon.

Referanse til dette kartet:
Aune, E.I. & Holten, J.I., 1980.
Vegetasjonskart Dalavatnet 1:10 000,
Sunddal, Møre og Romsdal
K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Bot. avd. Trondheim